

MIDVEGSEVALUERING FOR NOR2340/NOR4340: Lyrikk - livet, kjærleiken og hatet

Seks studentar møtte opp til undervisning 17. oktober då eg gjennomførte denne evalueringa. Det er 21 studentar på dette heiseemnet (utifrå talet på innleverte obligatoriske oppgåver)

- Kommenter korleis du vurderer din eigen innsats i undervisninga.
- Kommenter hvordan du vurderer din egen innsats i undervisningen.

Studentane svara ulikt på dette spørsmålet. Eit par vedgår at dei tek skippartak – og er nøgd med det, andre vedgår at dei har vore ein del borte: «..har vært en del borte av diverse grunner», og andre igjen, seier dei er til stades nesten kvar gong: «vært til stede og lest tekstene».

Min kommentar: Ikkje overraskande er det mange studentar til stades i byrjinga av kurset, men færre kjem når semesteret blir meir travelt. Denne timen var det seks studentar. Vanlegvis er det kring 10. Talet er ujamt, men det møter alltid nokon opp. Ei løysing på problemet er å innføre obligatorisk oppmøte, men det er nok upopulært med tanke på ein travel studentkvardag (med jobbing etc.)

- Er det noko ved undervisninga du opplever som spesielt lærerikt? I så fall kva?
- Er det noe ved undervisningen du opplever som spesielt lærerikt? I så fall hva?

Dette kurset går over tre timar og som regel blir ca. éin time sett av til gruppearbeid – der nærlesing av «dagens» dikt står i sentrum. Den fyrste timen er teorigjennomgang (med vekt på det vi gjorde førre gong), den siste timen er felles samtale av dikt. Dette emnet er såleis rimeleg studentaktivt ved at studentane – like mykje, om ikkje meir enn læraren – finn fram til analysar av dikta. Dei fleste er nøgde med dette oppsettet, som dei synest er eit fint alternativ til tradisjonell førelesning. Ein skriv til dømes: «supert med en annen inngang enn den vanlige, lærer masse av medstudentene». Ein annan: «mange fine diskusjonar som er hjelpsame», og ein annan: «mye rom for diskusjon og personlig refleksjon». Førelesaren får skryt for å leggje opp til dette: «Foreleser er veldig god til å legge til rette for en givende diskusjon». Ein student understrekar av innføringa av metrikk har vore givande.

Min kommentar: Eg er svært nøgd med svara. Korte tekstar – lyrikk – gjev godt utgangspunkt for eit slikt opplegg. Med lengre tekstar, romanar, hadde dette vore meir vanskeleg.

- Er det noko ved undervisninga du opplever som vanskeleg? I så fall kva?
- Er det noe ved undervisningen du opplever som vanskelig? I så fall hva?

Her kjem tre moment fram: Nokon synest ein del dikt er vanskelege å forstå, andre synest det er vanskeleg å finne ein balanse mellom form og innhald i analysen av dikt, og andre igjen etterlyser meir teori: «Noe lite vekt på det skriftlige. Ble derfor vanskelig med kvalifiseringsoppgave».

Min kommentar: I emneskildringa til dette kurset står det at vi skal nærme oss dikt utan å bli tyngde av teori. Teorien har vi som regel teke i etterhand – då i starten av timen i den påfylgjande veka. Men eg ser eg kanskje kunne ha presentert eit par skriftlege diktanalysar i timen, så studentane vart betre førebudde på innleveringsoppgåva. Men eg skal no snart gå igjennom dei obligatoriske oppgåvene. Det kan hende det kjem fram der at dei likevel gjorde eit betre arbeid enn dei tenkte.

- Er det nokre tema i studielitteraturen du kunne tenkje deg å få nærare belyst i undervisninga?
- Er det noen temaer i studielitteraturen du kunne tenke deg å få nærmere belyst i undervisningen?

Somme studentar ynskjer meir moderne lyrikk – ein skriv til dømes «personlig glad i lyrikk om fremmedgjøring og modernitet». Ein annan skriv: «Det er mye gamle skriverier». Andre ynskjer meir teori knytt til diktarbiografi og litteraturvitskapleg kontekst – men markerer samtidig at balansen med samtale og diskusjon er bra. Ein skriv òg at det kunne vore danske og svenske dikt med på pensum.

Min kommentar: I emneskildringa til dette kurset står det at vi skal nærme oss dikt frå alle tidsperiodane. Difor har eg ei stor vekt på dikt frå alle hundreår, men eg er samd i at eg kunne ha teke inn nokre fleire samtidige dikt – då både nye instagradikt og dikt frå samtidslyrikarar i bokform. Men vektlegginga av historisk poesi er òg viktig, for kjennskap til poetisk handverk og biletspråk gjer det lettare å forstå moderne dikt.

Ein siste kommentar: Vi diskuterte også i plenum det faktum at det er tre timar undervisning. Mange er nøgde med det, andre meinte det blir for lang tid. Enkelte studentar har eit anna emne i nordisk rett før dette emnet, så då blir det fem timar i strekk! Men eg seier til studentane at dei må vera flinke til å ta pausar. Når dei sit i grupper og arbeider, så blir dei ofte sitjande der og prate og kanskje gløyme tida? Eg kan eventuelt seia tydelegare ifrå at no er det pausetid.

Ronny Spaans